# STUDENTTINGSMØTE ST2/23

**Til:**
Faste representanter i Studenttinget
Studentrepresentanter i høgskolestyret
Møtesekretariatet

**Kopi:**
Vararepresentanter, Rektoratet
Studentombodet, Sammen, Velferdstinget Vest,
Andre studentorganisasjoner

**Møtestart:** 11.03.2023. 09.00
**Møteslutt:** 12.03.2023. 13.45
**Sted:** Campus Stord

## Formøte til ST2/23

Det avholdes digitalt formøte før ST2-23, 08.03.2023 kl.14.30. Bli med! Link til zoom er her. Passord er 768408.

## Påmelding

Studenttingsrepresentanter (og eventuelt andre) bes melde seg på via påmeldingsskjema. Dersom du ikke har mulighet til å stille på møtet, må skjemaet uansett fylles ut slik at vararepresentanter får innkalling til møtet. Faste representanter som ikke har gitt tilbakemelding innen fristen anses som ikke-deltakende, og vararepresentanter vil bli kalt inn i deres sted.

## Praktisk informasjon

Alle tilreisende deltakere tilbys overnatting fra fredag.

## Melde inn saker

Savner du en sak på listen? Frist for å melde inn saker som skal innstilles av arbeidsutvalget er 14 dager før det aktuelle studenttingsmøtet. Fristen denne gangen er derfor fredag, 24. februar. Saker meldes til studenttinget@hvl.no eller via skjemaet du finner på stvl.no/send-inn-sak. Endelig innkalling med utfyllende sakspapirer sendes ut én uke før møtet, som denne gangen vil være fredag, 3.mar

## Refusjon

Utlegg i forbindelse med mat vil bli refundert i henhold til økonomireglementet til STVL. Det betyr at du som stiller på møtet kan kjøpe deg middag for inntil kr. 250,-. Skjema for refusjon av utlegg ligger på nettsidene våre under "Refusjon, honorar og godtgjørelse". Husk å ta vare på originalkvitteringene, da utlegg må dokumenteres.

# STUDENTTINGSMØTE ST2/23

## Endringsforslag

Har du endringsforslag til noen av sakene? Fyll ut skjema for endringsforslag. Innkomne endringsforslag kan du lese her.

Vi ser frem til å se deg på Stord!

*Vennlig hilsen*
*Arbeidsutvalget v/leder Jelle Sebastian Bruin*
*Studenttinget på Vestlandet*

Studenttinget
på Vestlandet

# Innholdsfortegnelse

Innholdsfortegnelse ........ 2
Forslag til dagsorden og tidsplan ........ 4
23-23 Møtekonstituering (V) ........ 6
24-23 Suppleringsval til STVL (V) ........ 8
25-23 Orienteringar ........ 9
26-23 Praksis i helgene (D) ........ 10
27-23 Revisjon av vedtektene (V) ........ 12
28-23 Kvalitetssikring av forelesere (D) ........ 13
29-23 HVL Utveksling (D) ........ 15
30-23 Revisjon av økonomireglementet (V) ........ 17
31-23 Ettergodkjenning av høringssvar frå FLKI (V) ........ 19
32-23 Læringsmiljøet ved HVL (D) ........ 20
33-23 Bruk av HVL sine areal (D) ........ 22
34-23 Ny samarbeidsavtale (O) ........ 24
35-23 Sei ifrå systemet (V) ........ 26
36-23 SAIH Vintersamling (O) ........ 28
37-23 Val til Årsmøte SAIH (V) ........ 29
38-23 Suppleringsval innstillingskomitéen STVL (V) ........ 30
39-23 Praksis skal vera gratis (V) ........ 31
40-23 Revisjon av valgreglement (V) ........ 32
41-23 Internasjonalpolitisk plattform (V) ........ 34
42-23 Eventuelt (D) ........ 35

43-23 Møteevaluering (D)....................36

# Forslag til dagsorden og tidsplan

O = Orienteringssak, V = Vedtakssak, D = Diskusjonssak

| Fredag 10.03.2023 | |
|---|---|
| Forløpende | Studenttingsrepresentantene ankommer Stord |
| 19.00 | Middag |

| LØRDAG 11.03.2023 | | |
|---|---|---|
| START | SAK | TID |
| 09.00 | Møtekonstituering (V) | 15 min |
| 09.15 | Suppleringsval til Studenttinget (V) | 15 min |
| 09.30 | Orientering (O) | 20 min |
| 09.50 | Praksis i helgene (D) | 45 min |
| 10.35 | Pause | 15 min |
| 10.50 | Revisjon av vedtektene (V) | 15 min |
| 11.05 | Kvalitetssikring av forelesere (D) | 30 min |
| 11.35 | Pause | 15 min |
| 11.50 | HVL utveksling (D) | 45 min |
| 12.35 | Lunsj | 55 min |
| 13.30 | Revisjon av økonomireglement (V) | 45 min |
| 14.15 | Ettergodkjenning av høringssvar fra FLKI (V) | 15 min |
| 14.30 | Pause | 15 min |
| 14.45 | Læringsmiljøet ved HVL (D) | 60 min |
| 15.45 | Pause | 15 min |
| 16.00 | Bruk av HVL sine areal (D) | 45 min |
| 16.45 | Ny samarbeidavtale (O) | 15 min |
| 17.00 | Møteslutt | |
| 19.00 | Middag | |

| SØNDAG 12.03.2023 | | |
|---|---|---|
| START | SAK | TID |
| 09.00 | Møtestart | 15 min |
| 09.15 | Sei ifrå systemet (D) | 60 min |
| 10.15 | Pause | 15 min |
| 10.30 | SAIH Vintersamling (O) | 20 min |
| 10.50 | Val årsmøte SAIH (V) | 30 min |

| | | |
|---|---|---|
| 11.20 | Suppleringsval innstillingskomiteen (V) | 15 min |
| 11.35 | Praksis skal vera gratis (V) | 15 min |
| 11.50 | Pause | 15 min |
| 12.05 | Revisjon av valreglement | 30 min |
| 12.35 | Internasjonal politisk plattform (V) | 40 min |
| 13.15 | Eventuelt og møteevaluering | 30 min |
| 13.45 | Lunsj / Møteslutt søndag | |

# 23-23 Møtekonstituering (V)

## 23.1 GODKJENNING AV INNKALLING

### Arbeidsutvalgets innstilling

Innkallingen godkjennes.

## 23.2 VALG AV MØTELEDELSE

Ordstyrer skal lede møtet, og er ansvarlig for hvordan møtet blir gjennomført.

### Arbeidsutvalgets innstilling

Florian Wingens velges som ordstyrer.

## 23.3 GODKJENNING AV PROTOKOLLFØRERE

### Arbeidsutvalgets innstilling

Stian André Golden, Arlene Henneli, Ina Vangsnes Andersen og Trond Ødegård godkjennes som protokollførere.

## 23.4 VALG AV PROTOKOLLUNDERSKRIVERE

Protokollunderskriverne skal godkjenne møteprotokollen i ettertid, og påpeke eventuelle mangler eller uklarheter. Det er kun studenttingsmedlemmer som kan velges til dette.

### Arbeidsutvalgets innstilling

xxxx og yyyy velges til protokollunderskrivere.

## 23.5 GODKJENNING AV SAKSLISTE

Oppmelding av saker til eventuelt.

**Arbeidsutvalgets innstilling**

Saklisten godkjennes med saker meldt opp til eventuelt.

## 23.6 GODKJENNING AV TIDSPLAN

**Arbeidsutvalgets innstilling**

Tidsplanen godkjennes.

# 24-23 Suppleringsval til STVL (V)

## Definisjonar

| | |
|---|---|
| STVL | Studenttinget på Vestlandet |
| ST | Studenttingsmøte |
| AU | Arbeidsutvalet |

## Vedlegg

Innsende kandidatskjema

## Formål med saka

Supplere vararepresentantar til å sitte i Studenttinget.

## Sakspresentasjon

Det skal veljast vararepresentantar til Studenttinget.

Varigheit: Frå ST2 2023 med umiddelbar verknad etter valet er gjennomført, til 31. desember 2023.

### Informasjon om vervet

Som vararepresentant i Studenttinget kan du bli kalla inn til møter i Studenttinget dersom ikkje alle dei faste representantane kan møte. Som representant snakkar du for studentane ved HVL, og er ein av 20 representantar som snakkar for studentmassen ved HVL. Som vararepresentant er du pliktig å svare i skjema for påmelding.

Kandidaturet til vedkommande som stiller må være AU i hende 7 dagar før møtet (laurdag 4. mars kl 09.00).

## Sakshandsamar si vurdering

Det er formålstenleg at vi har får fleire vararepresentantar til Studenttinget, slik at ein kan sikre at ein er vedtaksdyktige på kvart møte.

## Arbeidsutvalet si innstilling

*XX vert valt som vararepresentantar til Studenttinget med umiddelbar verknad.*

# 25-23 Orienteringar

## Vedlegg

2.1 Orienteringer

## Formål

Orientere Studenttinget om hva som har skjedd siden sist møte.

## Sakspresentasjon

Det vil være mulig å stille spørsmål til de skriftlige og muntlige orienteringene under saken. Alle studenter ved Høgskulen på Vestlandet, samt organisasjoner som fast orienterer Studenttinget, kan sende inn skriftlige orienteringer til studenttingsmøtet.

## Arbeidsutvalgets innstilling

Studenttinget ser seg orientert i orienteringene som er gitt.

# 26-23 Praksis i helgene (D)

## Definisjonar

| | |
|---|---|
| STVL | Studenttinget på Vestlandet |
| ST | Studenttinget |
| HVL | Høgskulen på Vestlandet |

## Vedlegg

Praksis i sjukepleie

## Formål med saken

Drøfte kva ST meiner om at praksis går føre seg i helgene, slik at ein i framtida kan få meir politikk på dette feltet.

## Sakspresentasjon

Den einaste obligatoriske læringsaktiviteten som vert lagt opp til i helgene er praksis, noko som for mange studentar kan opplevast som problematisk.

Frå HVL sine nettsider ser ein at studentar "som hovudregel skal følge arbeidstiden til praksisrettleiaren. Nokon studentar vil ha vaktar på dagtid, andre turnus, langvakter eller medleverturnus (heildøgnturnus)". Det som kan vera positivt med at praksis føregår til alle døgnets tider og alle dagar er at ein får eit tilnærma realistisk innblikk, erfaring og kunnskap innanfor feltet. På ei anna side kan det vera uheldig at enkelte studentar si fritid, hobbyar, verv og deltidsjobbar må vike til fordel for å få godkjent praksis. Dette kan føre til uheldige konsekvensar som blant anna at ein må ta ut ulønna permisjon frå jobben fordi ein må i praksis, noko som fører til økonomisk tap. Andre uheldige konsekvensar kan vera at studenten mistar moglegheita til å ta ein pust i bakken etter ei hektisk veke.

Vidare står det på HVL sine sider at ei praksisveka har 40 arbeidstimar – 30 timar til praksis og 10 til sjølvstudiet. Ei vanleg arbeidsveka i Noreg ligg på rundt 37,5 arbeidstimar. På same side kan ein og lesa at det ikkje vert forventa at ein student skal ut i praksis på heilagdagar, og er heller ikkje pålagt å jobbe langvakter eller ta på seg medelverturnus. Dersom studentar ikkje skal ha slike vakter eller turnusar, bør ein då ha praksis i helgene?

**Punkt som er sentrale til diskusjon:**

- Er det formålstenleg at studentar har praksis i helgene, slik at ein får inntrykk av korleis ein skal arbeide i framtida?
- Kva positive konsekvensar kan ein få av å ha praksis i helgene?
- Kva negative konsekvensar kan studentar få av å ha praksis i helgene?

- Korleis kan ein eventuelt sikre at ein har nok timar i praksis dersom ein går vekk frå praksis i helgene?
- Kva tenkje representantane i Studenttinget om praksis i helgene?

Svar og refleksjonar vert sendt til synne.studenttinget@hvl.no

## Sakshandsamar si vurdering

Praksis om helgene er eit sentralt tema for fleire studentar ved HVL, og er noko som er viktig at Studenttinget drøftar slik at AU får innspel på dette viktige temaet.

## Arbeidsutvalet si innstilling

Det vert ikkje fatta vedtak i drøftingssakar.

# 27-23 Revisjon av vedtektene (V)

## Definisjoner

STVL Studenttinget på Vestlandet

## Vedlegg

Gjeldende vedtekter
Innsendte endringsforslag med innstilling

## Formål med saken

Behandle innkomne endringsforslag til vedtektene. Vedtektene er det øverste styrende dokumentet i Studenttinget. Det regulerer sammensetning, organisasjonsstruktur, ansvarsfordeling m.m.

## Sakspresentasjon

Den 09. februar 2023 ble det varslet om at endringer i Vedtektene skulle finne sted på ST2. Frist for å levere endringsforslag var 17. februar.

Det er kommet inn to endringsforslag som begge omhandler de tidligere studiestedene Florø og Kristiansund. Begge foreslår å stryke studiestedene fra vedtektene.

## Saksbehandlers vurdering

Disse studiestedene er ikke lenger aktive, og det er derfor ikke hensiktsmessig å nevne dem i vedtektene.

### Arbeidsutvalgets innstilling

*Forslag 1 og 2 vedtas.*

# 28-23 Kvalitetssikring av forelesere (D)

## Definisjoner

| | |
|---|---|
| STVL | Studenttinget på Vestlandet |
| AU | Arbeidsutvalget |
| HVL | Høgskulen på Vestlandet |

## Vedlegg

Nettside om kvalitetssystem

## Formål med saken

Diskutere kvalitetssystemet for forelesere og hvordan ta tak i gjentatte klager som ikke gjøres noe med, samt hvordan man kan kvalitetssikre nyansatte forelesere.

## Sakspresentasjon

I kvalitetssystemet til HVL er det opprettet plattformer for å kunne varsle om situasjoner som påvirker læringsmiljø, undervisning og undervisningskvalitet. Et eksempel på dette er Sei ifrå systemet. Problemstillingen kommer når systemet blir brukt som det skal av studentene, men det ikke skjer en bedring. Det er et gjentakende problem at studenter klager på forelesere uten at dette blir gjort noe med. Dette har konsekvenser for utdanningskvaliteten ved HVL og AU ønsker forslag til hva som kan gjøres i disse situasjonene.

Før ansettelse av faste vitenskapelige stillinger, blir det gjennomført en prøveforelesning i forkant av intervjuet. Disse prøveforelesningene skal være åpne for alle, og det skal være en studentrepresentant fra tilsettingsutvalget med. Per dags dato skjer det i liten grad at studenter faktisk er til stede på disse prøveforelesningene. Det har også kommet frem at i noen av tilsettingsutvalgene er det ikke valgt inn studentrepresentanter. Dette er det studentfakultetsrådene som har ansvar for at blir gjort. Prøveforelesningene kan være en god måte å kvalitetssikre foreleserne på. AU ønsker derfor tanker rundt dette også.

AU ønsker at Studenttinget kommer med innspill på følgende:

- Hvordan kan man på best mulig måte sørge for at forelesere som får gjentatte klager, blir fulgt opp og at situasjonen forbedrer seg?
- Hvordan kan man sørge for at nyansatte forelesere er gode forelesere?
- Hva kan gjøres for å tilrettelegge prøveforelesninger så studenter har mulighet til å være med?
- Hvordan bør en prøveforelesning foregå for å få mest mulig ut av den?
- Forslag til andre metoder for å kvalitetssikre forelesere.

Ber om at svar sendes på mail til ariel.studenttinget@hvl.no.

## Saksbehandlers vurdering

Kvalitet på foreleserne er en viktig del av læringsmiljøet og utbyttet til studentene. AU opplever det som et problem at forelesere blir klaget på og at ingenting skjer. Det ønskes derfor å få i gang en prosess på hva som kan gjøres i slike tilfeller, og hvordan man kan kvalitetssikre forelesere.

### Arbeidsutvalget sin innstilling

Det fattes ikke vedtak i diskusjonssaker.

# 29-23 HVL Utveksling (D)

## Definisjoner

| | |
|---|---|
| STVL | Studenttinget på Vestlandet |
| HVL | Høgskulen på Vestlandet |
| ST1 | Studenttingsmøte 1 |
| HVL utveksling | HVL sin utvekslingsapp |
| AFII | Avdeling for Forsking, Internasjonalisering og Innovasjon |

## Vedlegg

HVL utveksling
Handlingsplan 2023

## Formål med saken

Komme med innspill til HVL utveksling for at det skal bli enklere for studenter å benytte seg av appen som kan føre til at flere reiser på utveksling.

## Sakspresentasjon

I dag opererer HVL med at alle studenter som ønsker å dra på utveksling må søke om utveksling via appen "HVL utveksling". Målet er at det skal være enkelt å søke om utveskling. For studentene som søker velger de sitt studieprogram for å få en oversikt over alle landene de kan dra til. Etter de har valgt landet de ønsker å reise til får de opp en liste over alle forhåndsgodkjente emner de kan velge mellom. Her kan studentene "shoppe" emner. Når studenten har valgt emner kan studenten søke, og søknadsprosessen er i gang.

Målet er at dette skal være en rask og enkel måte for studentene å søke om utveksling på, samt at de kan følge opp søknadsprosessen og enkelt komme i kontakt med ansatte ved behov. Det er flere utfordringer i tilknytning til denne måten å søke om utveksling på. Ikke alle studenter er klar over at dette er måten å søke om utveksling på, appen har tidvis tekniske utfordringer og ikke alle studieprogram har forhåndsgodkjente emner tilgjengelig i appen.

I 2022 fikk fakultetene penger fra HVL for å legge inn forhåndsgodkjente emnepakker i appen, da dette er fagmiljøene sitt ansvar. Mange studieprogram la inn forhåndsgodkjente emnepakker, men langt fra alle studieprogram har gjort dette arbeidet.

<u>Punkt til drøfting</u>

1. Hvordan kan vi nå bedre ut til studentene med informasjon om appen?
2. Hvem bør involveres i videreutvikling av appen?
3. Hvordan kan studenttinget bidra til å ansvarliggjøre fagmiljøene til å legge inn forhåndsgodkjente emnepakker?

## Saksbehandlers vurdering

Siden HVL utveksling er måten studenter søker om utveksling på, er det viktig at appen er enkel, forståelig og oversiktlig slik at studentene forstår hvordan de kan bruke den. STVL kan komme med innspill til appen og hvilke elementer de liker og ikke liker slik den er i dag.

## Saksbehandlers innstilling

Det fattes ikke vedtak i drøftingssaker.

# 30-23 Revisjon av økonomireglementet (V)

## Definisjoner

STVL Studenttinget på Vestlandet

## Vedlegg

Gjeldende økonomireglement
Innkomne endringsforslag med innstilling

## Formål med saken

Behandle innsendte endringsforslag til Økonomireglementet. Dette dokumentet setter rammene for økonomistyringen i organisasjonen og gjelder alle tillitsvalgte i Studenttinget og deltakere på arrangementer i regi av Studenttinget.

## Sakspresentasjon

Den 09. februar 2023 ble det varslet om at endringer i Økonomireglementet skulle finne sted på ST2. Frist for å levere endringsforslag var 17. februar.

Alle forslagene som er innsendt til dette styringsdokumentet omhandler kostgodtgjørelse i forbindelse med reising i regi av Studenttinget og dets arrangementer. Forslagene er noe ulike i ordlyd, men intensjonen i alle forslag er å sikre klare rutiner på kostgodtgjørelsene fremover.

**Forslag nr. 2** legger inn spesifisering av oppdrag som rekker over flere dager, og foreslår at man har rett på kostgodtgjørelse dersom det er mer enn 4 timer fra *avreise* til man får servert måltid, eller fra siste måltid til ankomst hjem. Det legges også inn et forslag om at Arbeidsutvalget får fullmakt til å sette egne rutiner for enkeltarrangement, og gir både Leder og Organisasjonskonsulent fullmakt til å ta personalmessige vurderinger.

**Forslag nr. 1** er nesten likelydende som forslag nr. 2, men uten spesifisering av oppdrag som rekker over flere dager.

**Forslag nr. 3** innsendt av Kontrollkomitéen, foreslår at man har rett på kostgodtgjørelse dersom «Reisen varer mer enn 3 timer fra start til målet er nådd», og spesifiserer for ST-møter «3 timer fra reisen starter til neste måltid arrangert av STVL». Tilsvarende foreslåes for hjemreise. Her utdypes også hva som gjelder dersom et oppdrag på vegne av STVL varer over flere dager.

## Saksbehandlers vurdering

I denne saken har det kommet tre relativt likelydende endringsforslag. Selv om intensjonene likner på hverandre betyr ikke det at de lese likt av representanter, arbeidsutvalgsmedlem, eller kontrollkomité. Ordlyden vil bestemme hvordan, og når man får mat.

Det innstilte forslaget er etter AU sin vurdering tydeligst, og vil forhåpentligvis sikre at ingen tillitsvalgte på tur skal være sultne.

## Arbeidsutvalgets innstilling

*Vedlegget «Innsendte endringsforslag med innstilling» legges til grunn.*

# 31-23 Ettergodkjenning av høringssvar frå FLKI (V)

## Definisjonar

| | |
|---|---|
| STVL | Studenttinget på Vestlandet |
| FLKI | Fakultetet for lærarutdanning, kultur og idrett |
| AU | Arbeidsutvalet |

## Vedlegg

Høyringsbrev frå FLKI
Høyringssvar frå AU STVL

## Føremål med saken

Ettergodkjenne høyringssvar frå AU til FLKI om retningslinjer for masteroppgåver.

## Sakspresentasjon

På oppdrag frå fakultetsleiinga ved FLKI vart det i november satt ned ei arbeidsgruppe som skulle arbeide med eit utkast til generelle retningslinjer for masteroppgåver. Bakgrunnen for arbeidet er at det har vore nokså store ulikskapar mellom masterprogramma, utan at desse har vore fagleg grunngjevne. Ulikskapane har særleg vore knytt til omfang for masteroppgåva, og reglar for samskriving. I fleire av masterprogramma i fakultetet har ein arbeidd godt med retningslinjer over tid, desse dokumenta har vore viktig grunnlagsmateriale for arbeidet.

Frå 6. januar til 1. februar har det vore høyringsrunde på FLKI sitt forslag om retningslinjer for masteroppgåver. Studenttinget var ein av høyringsinstansane, AU drøfta høyringsbrevet, og kom med nokre kommentarar til dette. AU byrja seint med arbeidet, og fekk såleis ikkje skreve eit så utfyllande høyringssvar som ein skulle ynskja, likevel kom vi fram til nokre gode punkt.

## Sakshandsamar si vurdering

Sakshandsamar meiner dette er eit høyringssvar som sett fokus på studentane. Det er sentralt at Studenttinget sett seg inn i høyringssvaret, og bestemmer seg for om de ynskjer å ettergodkjenne høyringssvaret som AU har sendt inn på vegne av STVL.

## Arbeidsutvalet si innstilling

Studenttinget ettergodkjenner høyringssvaret.

# 32-23 Læringsmiljøet ved HVL (D)

## Definisjonar

| | |
|---|---|
| STVL | Studenttinget på Vestlandet |
| AU | Arbeidsutvalet |
| HVL | Høgskulen på Vestlandet |
| ST | Studenttinget |
| UH loven | Universitets- og høyskoleloven |

## Vedlegg

Mandatet til Læringsmiljøutvalet
Om Læringsmiljø i UH loven
Grupper for Workshop
Link til Ingrids presentasjon

## Formål med saka

Læringsmiljø- og velferdspolitisk ansvarleg i AU ynskjer innspel på kva studentane tenkjer om dagens læringsmiljø ved HVL.

## Sakspresentasjon

Læringsmiljø er viktig ved ein institusjon, også ved HVL. Det har mykje å seie for korleis studentane trivast, og kva føresetnader dei har for å studera.

Læringsmiljø i UH loven §4.3 (4) vert definert slik:

> *«Læringsmiljøet er de forholdene som virker inn på studentenes muligheter til å tilegne seg kunnskap, og som er av betydning for studentenes fysiske og psykososiale helse. I et helhetlig læringsmiljø inngår fysiske, digitale, organisatoriske, pedagogiske og psykososiale forhold som del av det helhetlige læringsmiljøet.»*

AU ynskjer at ST drøfter i grupper, og sender svar og refleksjonar på mail til ingrid.studenttinget@hvl.no.

Her ligger gruppefordelinga

- Korleis er dagens læringsmiljø ved HVL? Kva er bra, kva er dårleg?
- Kva tiltak kan HVL iverksetje for å betre HVL sitt læringsmiljø?

- Er det noko studentane ser på som læringsmiljø, men som HVL ikkje tenkjer på som læringsmiljø?

## Sakshandsamar si vurdering

Det er viktig for AU, STVL og HVL å få innspel i kva studentane meiner om dagens læringsmiljø, og kva som kan bli betre med ulike tiltak.

## Arbeidsutvalet si innstilling

Det fattast ikkje vedtak i ein diskusjonssak.

# 33-23 Bruk av HVL sine areal (D)

## Definisjonar

**STVL** Studenttinget på Vestlandet
**AU** Arbeidsutvalet
**HVL** Høgskulen på Vestlandet

## Vedlegg

Regler for bestilling av standplass HVL
Regler for arrangement og leieforhold

## Relevant politikk

Ein livssynsnøytral institusjon
Karrieredagar ved HVL

## Formål med saken

Diskutere HVL sitt dokument «regler for bestilling av standplass», og «regler for arrangement og leigeforhold», samt handheving og forvaltning av areal på HVL.

Arbeidsutvalet ynskjer at STVL kjem med innspel på korleis det er å stå på stand eller gjennomføre andre arrangement i dag, og vil drøfte om det kan vera interessant å foreslå endringar til regelverket.

## Sakspresentasjon

I dag er det regulert og avgrensa korleis studentorganisasjonar og linjeforeiningar får promotere seg sjølv med standverksemd på campus. Avgrensingane er knytt til alt frå plassering av standplass og formål med reservasjonen, til vaffelsteiking. Samstundes, har HVL også regulert kva slags arrangement og korleis det skal gå føre seg på deira areal.

Dei som er har ørneauge har kanskje lagt merke til at «regler for bestilling av standplass» er signert i Bergen i 2019. Det skal vera gjeldande for alle campus, men Arbeidsutvalet er kjend med at dette nyttast ulikt på dei forskjellige bygga.

Som ein kan sjå i vedlegget, er stand-verksemd i dag prioritert for studentar og tilsette ved HVL. Regelverket er til for å kunne vere konsekvent og gje føreseielegheit, medan det også gjer at næringsliv eller interesseorganisasjonar m.m. ikkje får en særleg arena med studentane på HVL. Unntaket er dersom det er spesifikke dagar med særleg fokus på næringslivet, val, fag osv.

I dag er det Arealforvaltning som gir løyve til å nytte areala.

**Punkt til drøfting:**

- Korleis opplev Studenttinget at det er å låne HVL sitt areal til stand-verksemd og/eller andre arrangement?
- Bør det vere mogleg å stå på stand fleire plassar enn det er anvist til i dag?
- Skal eit trussamfunn få stå på stand for å rekruttere nye medlemmar?
- Skal ein bedrift kunne promotere seg sjølv for å få studentar til å jobbe i sommaren?
- Skal eit parti få moglegheit til å spreie deira «glade bodskap» på stand?
- Skal ein studentorganisasjon tilknytt HVL, eit trussamfunn, bedrift eller parti få stå på stand, eller ha moglegheit til å ha konsert i kantina?
- Er det noko som burde endrast i retningslinjene?
- Kor enkelt meiner Studenttinget at arealbruken ved HVL skal vere?

Det er viktig å understreka at det ikkje skal vera ein personleg vurdering om nokon skal få nytta HVL sine areal eller ikkje. Desse regelverka skal kunne brukast som verktøy for å sikra at fordelinga er rettferdig, med dei prioriteringane som HVL (og studentane) ser som særleg viktige.

## Saksbehandlar si vurdering

Ved fyrste augekast kan denne saka verka opplagd, men det er ho ikkje. Det er fleire vanskelege problemstillingar ein kan møta når det er snakk om til dømes kven som skal ha moglegheit til å stå på stand og kor ein får lov å stå. Samstundes er det ynskjeleg med mykje standverksemd og arrangement. Det tenar oss når det er liv på campus!

Me veit at studentane ynskjer å ha god kontakt med næringslivet, og derfor også kan sette pris på å møte desse bedriftene oftare. Å opne for at bedrifter kan stå på stand på HVL sine campus kan tene dette føremålet. Eit motargument kan vere at avgrensinga, slik ho er i dag, gjer karrieredagar og liknande mykje meir attraktivt for eksterne partar og difor gjer studentane større moglegheit for å for eksempel tene pengar som studentane kan bruka sjølve.

HVL har *samfunnskontaktar* som bl.a. «[…] vere pådrivar for å vidareutvikla eksternt samarbeid». Kanskje dei har moglegheit til å, saman med arealforvaltning, vurdera kva for nokre bedrifter som er føremålstenlege å ha på campus.

Det er vanskeleg å skilja mellom kva som skal prioriterast, kva som er akseptabelt, og kor mykje ytring av eige tru- og livssyn som er for mykje eller for lite. Kor mange dørar skal me opne?

Saka har ikkje eit endeleg svar, og AU gler seg til diskusjon. Alle konkrete forslag til endringar i retningslinjene vert tatt imot med opne armer.

## Saksbehandlar si innstilling

Det fattast ikkje vedtak i diskusjonssakar.

# 34-23 Ny samarbeidsavtale (O)

## Definisjoner

STVL Studenttinget på Vestlandet

## Vedlegg

Gjeldende Samarbeidsavtale (2022)
Tidligere Samarbeidsavtale (2017)

## Formål med saken

Orientere ST om den nye samarbeidsavtalen, og brudd på vedtektene.

## Sakspresentasjon

Den 20. Juni 2022 signerte Leiar, på vegne av Studenttinget på Vestlandet, en ny samarbeidsavtale. Her er de største endringene fra 2017:

- **Kap. 3 Definisjoner:** Utdypning av Studentdemokratiet, med tilhørende tillitsvalgte (FTV, CTV, ITV). Samt spesifisering av hvilke parter som *ikke* inngår i samarbeidsavtalen.
- **Kap. 5. Samarbeid mellom partene:** HVL har nå kun ansvar for at det gjennomføres valg av klassetillitsvalgt og representanter til referansegrupper.
- **Kap. 6. Forutsetninger for studenter med verv:** Lagt til at studenter med verv som krever nærhet til campus skal så langt det er mulig få tildelt praksisplass som ikke medfører større ulemper for utføringen av vervet sitt.
- **Kap. 8. Frikjøpte personer:** Økt lønn for arbeidsutvalget. Lønnstrinn 28 for leder og lønnstrinn 26 for medlemmer.
- **Kap. 9. Organisasjonskonsulent:** Oppjuster til 3 årsverk, da dette har vært praksis lenge.

Bruddet på vedtektene gjelder *§5-5 Samarbeidsavtale. «Studenttinget skal godkjenne forslag til samarbeidsavtale før den signeres av leder».* Dette er ikke blitt gjort.

## Saksbehandlers vurdering

Endringene som har blitt gjort fra samarbeidsavtalen i 2017 er gode og formålstjenlige. Siden samarbeidsavtalen ble signert har Studenttinget fått tilbakemelding på at en del organisasjoner ikke får fri, eller ansatte ikke tilrettelegger i stor nok grad. Dette blir begrunnet av ansette med at det i kap. 3 står «[…] (inngår ikke i denne avtalen)».

Arbeidsutvalget er ikke enige i at dette automatisk utelukker alle utenom vervinnehavere direkte knyttet til STVL, da det i kapittel 6 er lagt til at «studenter med verv som krever nærhet til campus skal så langt det er mulig få tildelt praksisplass som ikke medfører større ulemper for utføringen av vervet sitt.» Dette er derfor noe som bør klareres til neste revisjon av samarbeidsavtalen.

Bruddet på vedtektene ble oppdaget ved grundig gjennomgang av styringsdokumentene knyttet til endringene skal behandles på ST2.

Leder ber om unnskyldning for avviket.

## Arbeidsutvalgets innstilling

*Det fattes ikke vedtak i orienteringssaker.*

# 35-23 Sei ifrå systemet (V)

## Definisjonar

| | |
|---|---|
| STVL | Studenttinget på Vestlandet |
| AU | Arbeidsutvalet |
| ST | Studenttinget |

## Vedlegg

Sei ifrå nettsida
Rapport sei ifrå haustsemester 2021
Rapport sei ifrå vårsemester 2021

## Formål med saka

Ein del av kvalitetssystemet til HVL vert kalla sei ifrå. AU ynskjer at ST skal drøfta Sei ifrå, og komme med innspel til systemet for å betre ivareta studentane.

## Sakspresentasjon

Sei ifrå er eit tilbakemeldingssystem HVL har for at studentar skal kunne gje tilbakemeldingar på ting ved HVL, til dømes læringsmiljø og utdanningskvalitet, dei ikkje er nøgd med. Du melde frå til Sei ifrå via nettsida til HVL, og kan her både melde inn som anonym eller ikkje.

Tidlegare i vinter har AU fått tilbakemeldingar på at det er fleire studentar som ikkje brukar systemet, fordi ein er redd for at dette skal få konsekvensar for dei som melder inn. AU har drøfta saka med prorektor for utdanning, samt prodekanar for utdanning, men ynskjer likevel innspel frå ST om korleis ein kan gjere eit slikt system betre, og sikre at studentar tør å nytte seg av det.

Sakshandsamarane ynskjer at ST drøftar dette i grupper.

**Punkter til drøfting:**

- Har studentane ved HVL kjennskap til sei ifrå? Dersom ja: korleis kjenner du til systemet?
- Korleis kan sei ifrå bli betre?
- Kva fungerer og kva fungerer ikkje?
- Korleis når systemet studentane?
- Kor attraktivt er det å nytte seg av det?
- Er det noko anna måte som kunne ha vore formålstenleg å hatt med i kvalitetssystemet?
- Andre kommentarar til kvalitetssystemet/sei ifrå?

Svar og refleksjonar vert sendt på mail til ingrid.studenttinget@hvl.no.

## Sakshandsamar si vurdering

Det er viktig for HVL og studentane at kvalitetssystemet fungerer slik det skal, og at studentane er klar over at ein har eit slikt system. Difor er det essensielt at ST drøftar denne saka.

## Arbeidsutvalet si innstilling

Det vert ikkje fatta vedtak i drøftingssaker.

# 36-23 SAIH Vintersamling (O)

## Definisjoner

| | |
|---|---|
| STVL | Studenttinget på Vestlandet |
| SAIH | Studentenes og Akademikernes Internasjonale Hjelpefond |

## Vedlegg

SAIH nettside
Verv SAIH

## Formål med saken

Orientere STVL om hva SAIH er, hva de gjør og hvordan de jobber.

## Sakspresentasjon

I uke 7 deltok Khiem og Ruth Emilie på en vintersamling med SAIH. SAIH er en organisasjon som jobber for at alle unge mennesker skal ha tilgang til god høyere utdanning, slik at de kan bidra til mer rettferdige og inkluderende samfunn. De samarbeider med over 30 organisasjoner i 7 land. Les mer om SAIH på deres nettside.

Vintersamlingen hadde et stort fokus på årets kampanje som lanseres nå i mars. Hvordan de lokale SAIH lagene kan informere og promotere årets kampanje, samt hvordan de kan gjennomføre arrangement og aktiviteter som setter lys på kampanjen. Vintersamlingen hadde også et fokus på å informere om SAIHs oppbygning og struktur, samt årsmøte som skal være i april og ulike verv som skal fylles.

## Saksbehandlers vurdering

STVL kan stille spørsmål dersom noe er uklart eller de har spørsmål.

## Saksbehandlers innstilling

Det fattes ikke vedtak i orienteringssaker.

# 37-23 Val til Årsmøte SAIH (V)

## Definisjoner

| | |
|---|---|
| STVL | Studenttinget på Vestlandet |
| SAIH | Studentenes og Akademikernes Internasjonale Hjelpefond |
| AU | Arbeidsutvalget |
| Årsmøte | SAIH sitt årsmøte for 2023 |

## Vedlegg

Årsmøte 2023

Organisasjonsstruktur

Kandidatskjema

## Formål med saken

Velge delegat og observatør til årsmøte med SAIH.

## Sakspresentasjon

28.-29. april arrangerer SAIH Årsmøte 2023 i Oslo. SAIH er Norges største solidaritetsorganisasjon for studenter og akademikere. På Årsmøte samles medlemmer fra hele landet for å utforme politikk og strategier, samt å velge hvem som skal lede organisasjonen. Les mer om organisasjonsstrukturen til SAIH her.

STVL er en medlemsorganisasjon av SAIH, og har derfor stemmerett under Årsmøte. STVL har mulighet til å sende én delegat og én observatør på Årsmøte. Fristen for å melde seg på Årsmøtet er 27. mars, og det er viktig at delegaten og observatøren som blir valgt selv melder seg på Årsmøtet.

## Saksbehandler sin vurdering

Som medlemsorganisasjon av SAIH bør STVL stille med delegat og observatør på Årsmøtet.

## Saksbehandler sin innstilling

*Xx er valgt som delegat til SAIH sitt årsmøte.*

*Xx er valgt som observatør til SAIH sitt årsmøte.*

AU får suppleringsfullmakt.

# 38-23 Suppleringsval innstillingskomitéen STVL (V)

## Definisjoner

| | |
|---|---|
| STVL | Studenttinget på Vestlandet |
| ST | Studenttingsmøte |

## Vedlegg

[Innsendt kandidatskjema]

[Still til valg her]

## Formål med saken

Supplere inn medlemmer av innstillingskomitéen, ettersom ikke alle plassene ble fylt på ST1.

## Sakspresentasjon

Det skal velges 2 representanter til innstillingskomitéen.

- 1 med tidligere tilknytning til STVL
- 1 av STVL representantene ELLER 1 fra et studentråd

Tina Margrethe Bjarke ble valgt ved det ordinære valget, og sitter både som representant i Studenttinget og i et studentråd. Dermed kan hun oppfylle begge rollene, som gjør at både en studenttingsrepresentant og en fra et studentråd kan stille til valg (men kun en av de blir valgt).

Varighet: Fra ST2 2023, til ST3 2023.

**Informasjon om vervet**
Innstillingskomitéen i Studenttinget skal innstille på kandidater til Arbeidsutvalget og høyskolestyret på våren, gjennomføre intervju og sende inn sin innstilling til ST3.

## Arbeidsutvalget sin innstilling

*XX vert valt som representantar til Innstillingskomitéen.*

# 39-23 Praksis skal vera gratis (V)

## Definisjoner

| | |
|---|---|
| STVL | Studenttinget på Vestlandet |
| HVL | Høgskulen på Vestlandet |
| Meld. St. | Melding til Stortinget |

## Vedlegg

Enkeltvedtak
Meld. St. 16 (2020-2021)
Reglement for dekking av bu- og reiseutgifter i forbindelse med praksis ved HVL

## Formål med saken

Gjere eit enkeltvedtak om at praksis skal vera gratis, då STVL manglar politikk på dette feltet. Vi hadde oppe same sak på ST1, det har skjedd noko feil, og vi er difor nøydt til å gjere vedtaket på nytt. Innhaldet i vedtaket er det same som førre gang, og det har ikkje skjedd nokre endringar.

## Sakspresentasjon

For mange studentar ved HVL er praksis ein stor del av studiet. Praksis skal vera både lærerikt og spennande, men vert diverre for mange og ei økonomisk byrde. For studentar som allereie har relativ låg kjøpekraft, kan det å måtte legge ut, og betale somme kostnadar sjølv i praksis skape store utfordringar. Det er difor ynskjeleg at STVL har politikk kring økonomi i praksis.

HVL har allereie retningslinjer for dekking av bu- og reiseutgifter i forbindelse med praksis, per januar 2023 er maksimal støtte ein kan få 1250 kr i veka. Frå Meld. St. 16 (2020-2021) ser ein at "Institusjonene står imidlertid fritt til å tilby studentene å dekke noen av ekstrakostnadene." Noko som vil sei at HVL kan dekka enda meir enn dei allereie gjer.

Det er med tida AU sin intensjon å implementere dette i politiske plattformer, men på grunn av situasjonen per dags dato ser vi det som nødvendig å gjere eit enkelt vedtak, då det tek tid å revidere politiske plattformer.

## Sakshandsamar si vurdering

Sakshandsamar si vurdering er at dette er eit tema som er viktig for mange studentar ved HVL, det er difor sentralt at STVL har tydeleg politikk kring økonomi i praksis.

## Arbeidsutvalet si innstilling

*Vedlagt enkeltvedtak vert vedteke.*

# 40-23 Revisjon av valgreglement (V)

### Definisjoner

STVL Studenttinget på Vestlandet

### Vedlegg

[Gjeldende valgreglement]
[Innsendte endringsforslag med innstilling.]

## Formål med saken

Behandle endringsforslag i valgreglementet. Valgreglementet regulerer valg der Studenttinget er valgforsamling.

Innsendte endringsforslag, med begrunnelse og innstilling ligger vedlagt.

### Sakspresentasjon

Den 09. februar 2023 ble det varslet om at endringer i Valgreglementet skulle finne sted på ST2. Frist for å levere endringsforslag var 17. februar.

Det er kommet inn fem endringsforslag på valgreglementet. Her følger en kort oppsummering av disse. Saksansvarlig ber ST-representantene å se på vedleggene for fullstendig presentasjon av forslagene.

**Forslag nr. 1** omhandler navngivning av studiestedene «Florø» og «Kristiansund», og foreslår å stryke disse fra vedtektene.

**Forslag nr. 2** er en spesifisering av muligheten til å supplere medlemmer til innstillingskomitéen.

**Forslag nr. 3 og 4** retter fokus mot kvotering per fakultet i valgkrins midt, med mål om å gå bort fra denne ordningen.

**Forslag nr. 5** løsner opp fordelingen av AU-medlemmer i region nord. Praksis i dag er at 100% AU *skal* sitte i Sogndal. Dette er noe som forslaget ønsker å gå bort fra.

### Saksbehandlers vurdering

Samtlige av forslagene er gode forslag som både retter opp valgreglementet til gjeldende praksis, og gjør endringer som gir mer frihet til plassering av AU-medlemmer, og sammensetning av studentting.

Studiestedene Florø og Kristiansund var del av HVL etter fusjonen, men har deretter blitt avviklet. Hensikten med paragrafen er i dag å tildele disse studiestedene en valgkrins. Siden disse ikke lenger eksisterer, er det ikke nødvendig at disse nevnes i valgreglementet.

På ST1 i 2023 ble det spesifisert at AU *ikke* skal få suppleringsfullmakt i valg av innstillingskomité. En spesifisering av dette i valgreglementet sikrer at dette reguleres eksplisitt og sørger for at det blir vanskeligere for et AU å kontrollere sammensetningen av komitéen. Dette er viktig for å sørge for at det kun er Studenttinget som bestemmer hvem som skal innstille på det kommende arbeidsutvalget.

En konsekvens er at AU sin mulighet til å løse eventuelt frafall fra komitéen, uten å gå involvere ST, innskrenkes. Samtidig vil det også gjøre det vanskeligere for ST å gi AU mulighet til å supplere, uten å fravike vedtektene, dersom det skulle være nødvendig.

Forslagene om å gå vekk fra kvotering per fakultet i valgkrins midt vil åpne for at enkelte fakultet med (mulig) mer engasjement får større mulighet for å bli representert i Studenttinget. Ordlyden slik den er i dag er til for å sikre representasjon av alle fakultet i Studenttinget, men gjelder kun for valgkrins midt.

## Arbeidsutvalgets innstilling

*Forslag 1, 2, 3 ,4 og 5 vedtas.*

# 41-23 Internasjonalpolitisk plattform (V)

## Definisjonar

| | |
|---|---|
| STVL | Studenttinget på Vestlandet |
| ST1 | Studenttingsmøte 1 |
| AU | Arbeidsutvalet |
| Plattforma | Internasjonalpolitisk plattform |

## Vedlegg

Noverande internasjonalpolitisk plattform
Revidert forslag internasjonalpolitisk plattform

## Formål med saken

Vedta ein revidert internasjonalpolitisk plattform som reflekterer dagens utfordringar og politikk.

## Sakspresentasjon

Internasjonalpolitisk plattform er i likskap med våre andre politiske plattformer eit dynamisk dokument som må oppdaterast på det aktuelle feltet. Plattforma blei revidert ved utgangen av 2022 og var ute på høyringsrunde hjå alle studentråda i januar 2023. Dokumentet var også oppe for diskusjon på ST1 i Sogndal. Etter høyringsrunden har internasjonalpolitisk komité tatt med tilbakemeldingar og finjustert på plattforma.

## Saksbehandlar si vurdering

Det er hensiktsmessig å vedta ny og dagsaktuell politikk på den internasjonalpolitiske fronten da det har skjedd store endringar sidan sist plattforma blei vedtatt.

## Saksbehandlar si innstilling

STVL vedtar det reviderte forslaget med dei endringane som førekjem under møtet.

AU får om redaksjonell fullmakt.

# 42-23 Eventuelt (D)

## Sakspresentasjon

Saker til eventuelt må meldes opp og voteres inn under møtekonstitueringen. Alle eventueltsaker må være orienterings- eller diskusjonssaker, da det ikke kan fattes vedtak i eventueltsaker. Unntaket er resolusjoner eller uttalelser som kan behandles som vedtakssak dersom de blir tatt inn på dagsorden med kvalifisert flertall.

## 43-23 Møteevaluering (D)